

Dato 7.2.2022  
Dokumentnamn Framlegg på kandidatar til ekstraordinært årsmøte 2022  
Leiar valkomitéen Mats Systaddal, +47 97460697  
e-post [mats.willemoes.systaddal@hyllestad.kommune.no](mailto:mats.willemoes.systaddal@hyllestad.kommune.no)

Til kommunane i Vestland fylke v/ politisk leiing, med kopi til kommunedirektør,

## KANDIDATAR TIL VERV I NORSK KULTURSKOLERÅD VESTLAND

Me syner til utsendt skriv frå rådgjevar på vegne av fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland.

Valkomitéen i Norsk kulturskoleråd Vestland har starta arbeidet med å førebu ekstraordinært årsmøte 9. desember. Sjå skriv frå fylkesavdelinga. Frist for å sende inn framlegg på kandidatar er torsdag 17 november til valkomiteen sin leiar.

I sitt arbeid vil valkomitéen leggje vekt på stilling, geografi, kjønnsfordeling, kompetanse, nettverk, alderssamansetjing og kontinuitet. Også endringskompetanse, medverknadskompetanse og arbeidsgjevarkompetanse er relevant å vurdere. [Sjå styresammensetting her](#) .

Den som blir vald til styreleiar får automatisk fast plass i Kulturskolerådet sitt hovudstyre. Helga Pedersen er leiar og Terje Lindberg nestleiar.

Framlegg på kandidatar vert å grunngje, og lyt innehalde utdrag frå kandidaten sin CV med vekt på bakgrunn og kvalifikasjonar.

Spørsmål om innhald og forventningar til vervet, kan svarast av underteikna eller fylkesrådgjevar Kristin Geiring e-post [kristin.geiring@kulturskoleradet.no](mailto:kristin.geiring@kulturskoleradet.no) mobil 415 70 508.

Relevante dokument finn du på [nettsida](#) vår: Meny – Om oss; t.d. vedtektene, Larsenutvalget sin rapport, m.a. om honorar, og Strategi 2032. Her finns og hovudstyret og fylkesavdelingane sine egne sider.

Med helsing

  
Mats Systaddal

-leiar for valkomitéen i Norsk kulturskoleråd Vestland -